



Arkivfoto: Beintetthetsmåling

Råd om osteoporosebehandling

Av: Ellen Margrete Apalset. Overlege Revmatologisk avd. HUS

Berre PTH-analogen Forsteo har beinoppbyggende effekt, mens alle bisfosfonat og denosumab (Prolia) bremsar beinresorpsjonen.

Når skal anna behandling enn perorale bisfosfonat (alendronat) vurderast?

Forsteo (teriparatide): Ved uttalt osteoporose, multiple brot eller ved fleire nye brot under bisfosfonatbehandling. Kontraindisert ved malign beinsjukdom.

Bisfosfonat intravenøst (vanlegvis Aclasta): Ved spiserørssjukdom, gastrointestinale biverknader av perorale bisfosfonat, dårleg compliance eller malabsorpsjon.

Prolia (denosumab): Samme som for Aclasta. I tillegg aktuell ved biverknad av bisfosfonater. Kan bli gitt sjølv om lett nyresvikt.

Osteoporoseprofylakse ved oppstart av glukokortikoid (GK)-behandling:

- Starte med kalsium- og vitamin D-tilskot straks!
- Tilvise for beintettleiksmåling med ein gong. Beintettleik fell mest dei første månadene.
- Ved fleire tidlegare brot bør oppstart bisfosfonatbehandling vurderast før beintettleiksmåling er utført. Kontroll med ny beintettleiksmåling etter 12 månader ved langtids GK-behandling.

Varigheit av bisfosfonatbehandling (po)

-nokre tommelfingerreglar:

- Osteoporose utan brot: 5 år Osteoporose med perifer brot: 5-10 år
- Osteoporose/ osteopeni med kompresjonsbrot: >10 år Uttalt osteoporose: >10 år
- Ved GK-behandling: Eventuelt så lenge GK-behandlinga varer.
- Etter 5-10 års osteoporosebehandling kan vedlikehaldsbehandling bli gitt annakvart år ved framleis høg risiko for brot.

Kontroll av beintettleik

Det er ikkje nødvendig å rutinemessig «følge beintettleik», men anbefalt i følgande tilfelle:

- Før/under pause frå osteoporosebehandling
- Under langvarig GK-behandling
- Ved mistanke om dårleg compliance
- Fleire nye brot under osteoporosebehandling
- Grenseindikasjon for behandling, der ein avvetar oppstart.

Bli med på sårseminar 5. desember på Haukeland

Kva utfordringar har fastlegen i oppfølging av sårpatientar?



Av Harald Hauge. Redaktør PKO-nytt

Praksiskonsulentane vil gjerne at du som fastlege bidrar inn i paneldebatten og kommer med spørsmål, og forslag til korleis vi skal få eit godt behandlingsforløp for pasientar med kroniske sår.

Tidlegare i haust vart det gjennomført ei spørjeundersøking blant fastlegar og i kommunehelsetenesta om oppfølging av sårpatientar. No er vi klar for neste steg i prosessen.

Tema på seminaret: Erfaringane fra sårpoliklinikken på Stord sjukehus • Sårpatienten frå eit sjukehusperspektiv • Kva endringar må til for at norsk sårbehandling skal bli betre? • Paneldebatt.

Det er søkt om teljande timar i spesialitet som allmennmedisin. Påmelding: pko@helse-bergen.no

Status på HUS etter streiken

Av: Clara Gram Gjesdal. Viseadm. direktør, HUS

Tal på fristbrot og ventetider er per i dag om lag som før streiken.

I dei 5 vekene streiken varte, vart til saman 232 operasjonar og 909 polikliniske konsultasjonar utsette. Det bygde seg også opp eit etterslep i vurdering av tilvisingar og tolking av visse undersøkingar. Pasientar som trong behandling mest vart prioriterte.


Til saman var 61 medarbeidarar tatt ut i streiken som varte frå 7. september til 11. oktober. Totalt 17 nivå 2-einingar vart direkte råka av streikeuttaket. Omfanget av uttaket varierte frå eining til eining.

Det var til saman 13 fristbrot på grunn av streiken.

Pasientane som vart råka av fristbrot, fekk raskt ny time og informasjon om rett til fritt sjukehusval. Fleire fristbrot kan komme i etterkant av streiken fordi fleire pasientar har fått flytta timen sin nærare frist. Vi har fullt fokus på dette

framover.

Etterslepet på poliklinikkane reknar avdelingane med å ta inn med noko betre kapasitet som mange har om hausten. Det operative etterslepet er meir krevjande då operasjonskapasiteten i sjukehuset er fullt utnytta. Det er tatt kontakt med lokale og regionale samarbeidspartnarar og mange pasientar har fått time for operasjon.



Fagdag om tuberkulose Ny trussel – gammal sjukdom

Av: Tuberkulosepoliklinikken, Lungeavdelinga, HUS.

I 2016 er tuberkulose framleis høgst aktuelt. I fjor var TB årsak til 1,8 millionar dødsfall på verdsbasis.

Noreg er forplikta til å screene risikogrupper for tuberkulose, stille diagnose, behandle dei sjuke og utføre smitteoppsporing, jamfør forskrift om tuberkulosekontroll.

Ressursane som vi i dag brukar på TB er ei påminning om at Noreg er ein del av det globale tuberkulosearbeidet, og det er framleis behov for kunnskap om tuberkulose i alle delar av helsevesenet.

Det største arbeidet i Noreg er å utelukke TB hos personar med auka sjukdomsrisiko. I praksis betyr dette screening av mange personar som kjem til Noreg. Både smittevernlegar, helsesøstre, og fastlegar i kommunane spelar ei sentral rolle i dette arbeidet. På fagdagen blir det utveksling av kunnskap og erfaringar om tuberkulose, frå primær- og spesialisthelsetenesta.

Tidspunkt: 09.02.2017 kl. 08:30 – 15:30

Påmelding: www.helse-bergen.no

Fagdag tuberkulose 09.02.2017.

Stad: Bikuben, Haukeland universitetssjukehus

Snus og graviditet

Av: PKO-redaksjonen

Bruk av snus i svangerskapet gir risiko for fosteret tilsvarende som ved røyking.

Dei siste åra har snusbruk auka sterkt blant unge i Noreg. Helse- og omsorgsdepartementet ga derfor Folkehelseinstituttet i oppdrag å vurdere helse- og risikoen ved snusbruk i Noreg. Da rapporten kom i 2014 var det 10 år sidan spørsmålet om moglege helseeffektar var systematisk vurdert og oppdatert med nyare forskingslitteratur.

Eksponering for nikotin er noko større frå ein dose snus enn frå ein sigarett, men vil kunne variere med nikotinmengda i snusen, og kor lenge den ligg i munnen.

Innhaldet av nikotin i ulike snusprodukt varierer frå nokre få milligram/gram (mg/g) opptil 20 mg/g snus, som finst i dei sterkaste snusprodukta på marknaden.

Innhaldet av nikotin i snus har same variasjon i konsentrasjon som røyketobakk.

Med den sterkt aukande bruken av snus blant unge kvinner, er det auka risiko for at fleire gravide kommer til å bruke snus i åra framover.

I møte med den gravide kan det derfor vere på sin plass å gjere dei merksame på verknaden av snus.

<https://www.fhi.no/globalassets/migrering/dokumenter/pdf/helserisiko-ved-bruk-av-snus-pdf.pdf>

